



Flora
kommune



PANDEMIPLAN

2009

Versjon 6 august 2009

Innhald:

1. BAKGRUNN/LOVGRUNNLAG	3
2. MÅLSETTING, ROLLER OG ANSVAR.....	4
2.1 Målsetjing	4
2.2 Kommunen sitt mynde og ansvar.....	4
3. GRUNNLAG FOR IVERKSETJING.....	5
4. ROS-ANALYSE – UTFORDRINGANE	5
4.1 Sjukdoms-/fråværsscenarier og konsekvensar	5
4.2 Prioritering av kommunen sine leveransar av tenester.....	5
4.2.1 Tekniske tenester.....	6
4.2.3 Skular/ Barnehagar	6
4.2.3 Helsetenester	6
4.2.4 Andre tenester	7
4.2.5 Kommunal leiding/ Informasjon	7
4.2.6 Økonomi/ lønn.....	7
4.3 Prioritering av eksterne tenester.....	8
5. HOVUDOPPGÅVER I SAMBAND MED KOMMUNAL PANDEMIPLAN	9
6. TILTAK FOR Å NÅ MÅLSETJINGANE I PLANEN	11
6.1 Redusere sjukelegheit og død.....	11
6.1.1 Retningsliner for vaksinasjon.....	11
6.1.2 Gjennomføring av vaksinasjon.....	12
6.1.3 Retningslinjer for bruk av antivirale midler	12
6.1.4 Stenge verksemdar som samlar fleire menneske.....	13
6.1.5 Avlyse/ forby møteverksemd	13
6.2 Pleie og behandle sjuke og døyande	13
6.2.1 Varsling, innkalling, møtestad for ekstra personell.....	13
6.2.2 Frigjøring av plassar til heildøgns pleie- og omsorg.....	13
6.2.3 Psykososial omsorg overfor pasientar og pårørande.....	15
6.2.4 Geistlege tenester	15
6.2.5 Beskyttelsesutstyr.....	15
6.3 Oppbevaring av døde	15
6.4 Informasjon	16

Vedlegg:

1. Personelliste

1. BAKGRUNN/LOVGRUNNLAG

Ein influensapandemi er eit verdsomspennande influensautbrot forårsaka av eit nytt virus som verdas befolkning ikkje er immune mot. At det er eit nytt virus, tyder og at utvikling av vaksine spesifikt retta mot pandemiviruset først kan finne stad etter at viruset er identifisert. Pandemiar opptre med varierende mellomrom. Tre pandemiar har ramma verda i løpet av dei siste 100 åra; spanskesjuken (1918-1919), asiasjuken (1957-1958) og Hong Kong-influensaen (1968-1969)

Det er Verdas Helseorganisasjon (WHO) som etter gjevne kriterier, varslar utbrot av pandemi. Det er definert 6 hovudfasar i ein pandemi:

Fasar	Skildring
Interpandemisk periode	
1. Ingen nye virus	Ingen ny influensaviussubtypar er oppdaga hjå menneske. Ein influensavirussubtype som kan forårsake infeksjon hjå menneske kan vere til stades hjå dyr. I så fall vert risiko for smitte til menneske vurdert som liten.
2. Nytt virus hos dyr	Ingen ny influensavirussubtypar er oppdaga hjå menneske. Men det sirkulerer dyreinfluensa
Pandemisk årvåkenheit	
3. Smitte til menneske	Sjukdom hjå menneske med ny subtype, men ingen spreiring mellom menneske, eller sjeldne tilfelle av smitte til nærkontaktar
4. Smitte mellom menneske	Ein eller små klynge med avgrensa menneske til menneske-smitte, men spreiringa er særst lokal fordi viruset ikkje er tilpassa menneske
5. Aukande, men ikkje svært smittsam	Større klyngar av personar med infeksjon, men framleis geografisk avgrensa, noko som tyder på at viruset er i ferd med å tilpasse seg menneske, men framleis ikkje smitter lett mellom menneske (stor pandemirisiko)
Pandemisk periode	
6. Pandemi	Aukande og vedvarande smitte i den generelle befolkningen

Tabell 1. Dei ulike fasane under en pandemi, jf. WHO.

Sentrale styresmaktar har utarbeidd ein nasjonal beredskapsplan for pandemisk influensa. Kommunehelsetenesta skal ha beredskap for å kunne handtere ein influensapandemi. Planar for dette skal forankrast i kommunen sin smittevernplan og kommunen sin plan for helse og sosial beredskap. Jfr. § 7.1-2 Lov om vern mot smittsame sjukdomar.

2. MÅLSETTING, ROLLER OG ANSVAR

2.1 Målsetjing

Målsetjing med pandemiplanen er å:

- Førebyggje smittespeiling og redusere tal sjuke og døde
- Diagnostisere, behandle og pleie sjuke og døyande
- Halde oppe nødvendige samfunnstenester
- Syte for fortløpande balansert og korrekt informasjon til innbyggjarane, media, andre sektorar, regionale og sentrale myndigheiter

2.2 Kommunen sitt mynde og ansvar

Kommunehelsetenesta skal yte nødvendig helseteneste for alle som bur eller oppheld seg i kommunen, jf. [Kommunehelsetjenesteloven](#) § 1–1. Ved influensapandemi skal kommunen syte for at alle som oppheld seg i kommunen er sikra naudsynte førebyggjande tiltak – herunder vaksinasjon, høve til helsemessig undersøking, behandling og pleie, jf. [Lov om vern mot smittsomme sykdommer](#) § 7–1.

Kommunen skal vidare ha oversikt over dei infeksjonsepidemiologiske forholda i kommunen, gje råd og informasjon til innbyggjarane og gjennomføre førebyggingstiltak, som vaksinasjon, jf. smittevernloven §§ 7–1 og 7–2.

Ein influensapandemi vil kunne få store konsekvensar for pleie- og omsorgssektoren m.o.t. ansvaret for heimebuande eldre, funksjonshemma og sjuke. Dødelegheit, sjukelegheit og prioriteringsproblem vil auke. Pandemien vil ramme faste brukarar av tenestene, og vil dessutan føre til nye brukarar og vil ramme personalet.

Ved ein pandemi vil det bli etablert ei kriseleiing. Kriseleiinga består av:

- Ordførar
- Rådmann
- Leiar for informasjon
- Tenesteleiar teknisk drift
- Brannsjef
- Kommunalsjef – helse og omsorg
- Kommunalsjef - skule og barnehage
- Kommuneoverlege

Ein vil i tillegg opprette ei faggruppe/ressursgruppe beståande av:

- Smittevernlege
- Leiande helsesøster

Smittevernlegen må før og under ein pandemi halde seg oppdatert om situasjonen og gje naudsynt informasjon til kommuneleiinga, kriseleiinga og andre relevante einingar.

Det skal opprettast ein koordinator funksjon som skal hjelpe kommuneoverlegen med praktiske administrative og koordinerande funksjonar. Denne funksjonen kan leggjast til leiande helsesøster.

I ein pandemisituasjon kan det bli auke i lønsutgifter som følgje av overtid, utvida arbeidstid, sjukefråvær m.v. I tillegg kan ein få auka kostnader som følgje av leige av personell og utgifter til materiell. Dette vil normalt kunne handterast innanfor dei råmer kriseleiinga rår over, jf. fullmakt gjeve

3. GRUNNLAG FOR IVERKSETJING

Planen skal nyttast som eit verktøy når rådmannen finn grunn til å organisere, leie og nytte ressursane på ein annan måte enn gjennom den ordinære linjeleiinga, for å få mest mogleg effektiv og koordinert styring av handteringa av ein pandemisituasjon.

Kriseleiinga trer saman etter oppmoding frå smittevernlege ved fase 3 (gul beredskap) i ein pandemisituasjon, jf. WHO si faseinndeling.

4. ROS-ANALYSE – UTFORDRINGANE

Det er ikkje mogleg å forutsjå korleis ein pandemi vil utvikle seg, men ein må forvente at det vert mange sjuke- og sengeliggande samstundes. Dette vil skape utfordringar i forhold til å ivareta viktige samfunnsmessige funksjonar. Basert på pandemiar i førre århundre har ein i Nasjonal plan lagt opp til to hovudscenarier. I vurderingane av konsekvensane i Flora baserer ein seg på eit innbyggjartal på 11 500.

4.1 Sjukdoms-/ fråverscenarier og konsekvensar

Med det mest sannsynlege scenariet ved en pandemisk influensar vil om lag 30% av innbyggjarane bli smitta i løpet av eit halvt år og 15% av innbyggjarane bli sjuke og sengeliggande. Om lag 5% av befolkninga vil kunne bli sengeliggande på same tid når epidemien er på sitt verste. Det er anslått ei meirdødelegheit på 0,1-0,4% av dei sjuke. Fråversforventning ved dette scenariet er 10-15% på det høgste.

Det verste scenariet er mindre sannsynleg, men innber at 50% av innbyggjarane blir smitta innan eit halvt år og at halvparten av desse blir sjuke og sengeliggande. I det verste scenariet reknar ein ein meirdødelegheit på ca. 1%, og ei fråværsforventning på 40% på det høgste.

For Flora kommune vil det mest sannsynlege scenariet tilseie 517 sjuke på same tid, medan det verste scenariet inneber 920 sjuke på same tid.

I ein mellomstor kommune som Flora må ein forvente at store delar av befolkninga kan vere i same fase av sjukdomen samtidig.

Ein må pårekne stort press på helsesektoren samtidig som delar av helsesektoren kan bli sjuke på same tid.

Kan bli behov for hjelp frå nabokommunar dersom mange i samfunnskritiske tenester vert sjuke samtidig.

4.2 Prioritering av kommunen sine leveransar av tenester

Prioritering av dei kommunale tenestene baserer seg på viktighet i høve til å oppretthalde samfunnskritiske funksjonar og vil vere førande for forskyving av personalressursar og vaksinasjon av personell.

Driftssjef ved den einsskildede driftseining er ansvarleg for å planleggje kontinuitet i produksjonen ved pandemi. Den einsskildede driftseining sin plan er lagt ut på Intranett:/ Felles/Beredskap/Pandemi.

4.2.1 Tekniske tenester

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Brann & Beredskap	Vaktlag i Florø samt tilstrekkeleg mannskap på andre stasjonar	Nødvendig vedlikehald	Tilsyn, opplæring og anna
Vann	Levering Overvakning	Nødvendig vedlikehald	Alt anna
Renovasjon	Matavfall frå private Boss frå institusjonar	Restavfall	Plast/ papir
Avløp	Vedlikehald av hovudkloakk og pumpestasjonar	Mindre skader	Anna
Vei/ Bygg og anlegg	Akutte forhold som går på sikkerhet	Normalt vedlikehald	
Reinhald	Helseinstitusjonar og skular/barnehagar	Kontorbygg	
Byggesak og oppmåling			Byggesaker

4.2.3 Skular/ Barnehagar

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Reine barneskular	Tilstrekkelig drift på alle klassetrinn, om nødvendig slå saman klasser		
Kombinerte barne- og ungdomsskular	Undervisning så langt det lar seg gjere	Elever på ungdomstrinnet kan sendes heim for ein periode dersom nødvendig	
Barnehagar	Tilstrekkelig drift for alle barn, ev. ved flytting mellom avdelingar		Aktivitet utanom det mest nødvendige

4.2.3 Helsetenester

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Teneste for funksjonshemma/psykisk utviklingshemma	Alle bebuarar og andre som kommunen har ansvaret for skal ha eit fullverdig tilbod, ev. ved omplassering		Aktivitetar utanom de mest nødvendige
Barnevern/PPT	Akutt beredskap		
Sjukeheimar	Fullverdig alternativ		

	oppnåas ev. ved omplussing. Må truleg tilførast personell frå andre organisasjonar/ einingar		
Open omsorg	Alle skal så langt som mogleg ha eit normalt tilbod. . Må truleg tilførast personell frå andre organisasjonar/ einingar		
Helsesøster	Kan nyttast til vaksinasjon	Viktige aktivitetar	Anna arbeid
Legeteneste			
Fysio - og ergoterapi			

4.2.4 Andre tenester

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Data	System innan helse, økonomi og personell, informasjon, samt arkiv og saksbehandling. Drift av sikkerhetssystem og back-up	Andre system som ikkje er kritiske, enkeltmaskiner til nøkkelpersonell.	Vedlikehald av enkeltmaskiner og anna arbeid som omfattar ikkje prioriterte funksjoner
NAV	Utbetaling og handsaming av økonomisk sosialhjelp, sjukepengar, foreldrepengar, rehabiliteringspengar Arbeid med rusomsorg		
Kultur og fritid			Prioriterast ikkje

4.2.5 Kommunal leiing/ Informasjon

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Kommuneleiing	Leie krisearbeidet Informere	Normalt arbeid for kommuneleiinga	
Tenestetorg	Informere publikum samt støtte kommuneleiinga	Normale funksjoner lagt til tenesta	
Stabspersonell	Praktisk drift av stab, logistikkfunksjonar		

4.2.6 Økonomi/ lønn

Tjeneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Lønn og personale	Lønn til personell, ev a-kontoutbetalingar	Reiseregningar o.l	
Økonomi	Fakturabehandling		
Revisjon			Prioriterast ikkje

4.3 Prioritering av eksterne tenester

Dette er også tenester utanfor den kommunale verksemda som er særskilte viktige å oppretthalde i ein pandemisituasjon. I tillegg vil det vere tverrsektorielle avhengighetsforhold.

Teneste	Høg prioritet	Middels prioritet	Låg prioritet
Straum	Tilstrekkeleg personell til vedlikehald av strømnettet	Nødvendig vedlikehald	"Dagleg vedlikehald"
Transport – Firda Billag	Transport av eldre og sjuke Transport av elevar	Transport av matvarer til butikkar	Godstransport
Båttransport øyane	Transport av eldre og sjuke Transport av elevar	Transport av matvarer til butikkar	Godstransport
Båttransport hurtigbåt		Transport av reisande for å oppretthalde samfunnsfunksjonar	
Data	Oppretthalde kommunikasjon mellom kommunen og leverandørar av datatenester	Nødvendig vedlikehald	"Dagleg vedlikehald"
Tele	Oppretthalde kommunikasjon mellom kommunen og ekstrene	Nødvendig vedlikehald	"Dagleg vedlikehald"
Matbutikkar		Oppretthalde eit utval av nødvendig matvare	
Andre butikkar			Diverse varer

5. HOVUDOPPGÅVER I SAMBAND MED KOMMUNAL PANDEMIPLAN

I interpandemisk periode er kommunen si hovudoppgave å oppdatere og rullere smittevernplanens pandemidel . I dei andre periodane er oppgåvene følgjande:

Einingar/intsansar	Årvåkenheitsperiode	Pandemisk periode
Bystyre	<ul style="list-style-type: none"> - Vedta pandemiplan - Ansvarleg for forsvarlege rammevilkår for smittevernet. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere ekstraordinært møte - Vedta tiltak etter råd frå smittevernlege. - Hastevedtak om møteforbod, stenging av verksemder, avgrensing i kommunikasjoner m.v. - Vedta naudsynte ekstramidlar til gjennomføring av tiltak
Rådmann	<ul style="list-style-type: none"> - Legge praktiske forhold til rette for smittevernarbeidet, også sektorovergripende del. - Fullmakt til mindre endringer i smittevernplanen. - Bistå smittevernlegen i gjennomføring av kommunen sine vedtak innen smittevern. 	<ul style="list-style-type: none"> - Ansvarleg for gjennomføring av hastevedtak fattet av komm.styret eller smittevernlegen. - Aktiv deltaking i smittevernarbeidet, samt koordinering av ressursar - Delta etter behov i beredskapsgruppa - Etter behov omdisponere personell og ressursar - Innkalle kriseleiinga
Kriseleiing	Halde seg orientert om kommunen sin pandemiplan	<ul style="list-style-type: none"> - Utføre tiltak etter råd frå smittevernlege - Ta stilling til stegning av verksemder, skule, barnehage, idrettshallar etc.. - Omdisponering av sjukeheimsplassar - Omdisponering av personell eller ekstrahjelp - Løyve ekstramidlar
Smittevernlege	<ul style="list-style-type: none"> - Revisjon av plan smittevern - Adm.ansvarleg for i verksetting av vedtak innan smittevern. - Halde seg orientert/-oppdatert om situasjonen - Undervisning om smitteverntiltak - Syte for at alle fastlegar har oppdaterte lister over risikogrupper som skal prioriterast m.o.t. vaksine. - Informere leiing, andre einingar - Informere innbyggjarane - Lager for beskyttelsesutstyr, 	<ul style="list-style-type: none"> - Kalle inn og leie fag-/ressursgruppa - Fatte hastevedtak - Fatte tvangstiltak om naudsynt - Syte for informasjon til tilsette og publikum - Syte for opplæring av helsepersonell - Vidareformidle krav og informasjon fra sentrale myndigheiter - Meldeplikt - Ansvar for at vaksinar blir tinga i samråd med leiande helsesystemer. - Iverksette utdeling av

	antiviralia, vaksine	antiviralia
Fastlegar	<ul style="list-style-type: none"> - Varslingsplikt til smittevernlege - Meldeplikt - Forsvarleg diagnostikk, behandling - Førebygging - Ha oppdaterte lister over risikopasienter 	<ul style="list-style-type: none"> - Omprioritere - Leggje til rette for å redusere smitte - Syte for at prioriterte grupper får antiviralia - Syte for at oppdaterte lister over risikopasienter blir distribuert til leiande helsesystemer
Kommunalsjef helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> - Ansvar for at smittevernplanen er kjend - Bistå kommunen sitt helsepersonell i det førebyggjande arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> - Delta i fag-/ressursgruppa - Delta i kriseleiinga - Omdisponere kommunen sitt helsepersonell - Bistå smittevernlegen
Leiande helsesystemer	<ul style="list-style-type: none"> - Undervise i smittevern i samråd med smittevernlegen - Detaljplanlegge vaksinasjon 	<ul style="list-style-type: none"> - Delta i fag-/ressursgruppa - Etter instruks frå smittevernlegen, ansvarlig for å bestille vaksiner. - Ansvar for å gjennomføre vaksinasjon etter prioriteringsliste
Kriseteam	<ul style="list-style-type: none"> - Halde seg orientert og oppdatert 	<ul style="list-style-type: none"> - Iverksette psykososiale tiltak ihht retningslinjer - Kan bli omdisponert til anna føremål
Barnevern		<ul style="list-style-type: none"> - Ta hand om foreldreause born og born med sjuke foreldre.
Ergoterapitenesta	<ul style="list-style-type: none"> - Syte for nødvendige hjelpemidler 	<ul style="list-style-type: none"> - Syte for nødvendige hjelpemidler
Sjukeheimar/ bu og servicesentra	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere vaksinelager (kjølerom) + lager for materiell i beredskap - Kontinuitetsplan for drift av tenesta ved pandemi 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksinerings av pasientar - Ta i bruk ekstra plassar - Skaffe ekstrahjelp - Etablere isolat ved behov
Open omsorg	<ul style="list-style-type: none"> - Halde seg orientert og oppdatert - Kontinuitetsplan for drift av tenesta ved pandemi 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksinerings av pasientar - Skaffe ekstrahjelp
Skular	<ul style="list-style-type: none"> - Halde seg orientert og oppdatert - Kontinuitetsplan for drift av tenesta ved pandemi 	<ul style="list-style-type: none"> - Stenge skular etter vedtak av smittevernlege/kriseleiing
Barnehagar	<ul style="list-style-type: none"> - Halde seg orientert og oppdatert - Kontinuitetsplan for drift av tenesta ved pandemi 	<ul style="list-style-type: none"> - Stenge barnehage etter vedtak av smittevernlege / kriseleiing - Ev. etablere mottak for barn med sjuke foreldre
Tenestetorg	<ul style="list-style-type: none"> - Gjere seg kjend med informasjonskanalar /rutinar - Tilretteleggje heimeside 	<ul style="list-style-type: none"> - Opprette informasjonssentral - Møteplass frivillige - Halde heimesida oppdatert
Brann og beredskap		<ul style="list-style-type: none"> - Syte for transport av pasientar dersom ambulansenesta blir

		svekka
Vaktmeister-tenesta	<ul style="list-style-type: none"> - Planlegge kontinuitet for tilsyn/transportbehov ved institusjonane - Kontinuitetsplan for drift av tenesta ved pandemi 	- Iverksette beredskapsplanen

6. TILTAK FOR Å NÅ MÅLSETJINGANE I PLANEN

6.1 Redusere sjukelegheit og død

6.1.1 Retningslinjer for vaksinasjon

Vaksinasjon med ein riktig samansett influensavaksine kan redusere effekten av sjukdomen, særleg i dei befolkningsgruppene som har størst risiko for alvorleg sjukdom og død forårsaka av influensa. I perioden mellom pandemiane rår ein desse risikogrupperne til å la seg vaksinere kvar haust før influensasesongen.

Under ordinære, ikkje pandemiske forhold vil vaksinen gje motstand mot influensa etter ei veker tid. Hos yngre personar reknar ein mad at vaksinen gjev 80 % beskyttelse, hos eldre noko lægre (50-60%). Motstanden synast elles å vere noko betre mot alvorlig sjukdom og død enn mot infeksjon.

Ved en pandemi vil heile eller store deler av befolkninga mangle immunitet mot det aktuelle viruset. Dette kan føre til at motstand kan tre inn seinare eller krevje to dosar vaksine. Ved avgrensa tilgang på vaksine må denne fordelast på prioriterte grupper. Innbyggjarane må opplystast om kvifor vaksine ikkje vert allment tilgjengeleg. Vaksinasjon bør om mogleg gjennomførast før pandemien startar. Dersom dette ikkje dette let seg gjennomføre (pga manglande vaksine), bør først og fremst personar som ennå ikkje har gjennomgått influensa i dei prioriterte gruppene få tilbod om vaksine.

Uansett mengde vaksine som blir tilgjengeleg, må vi velje ein vaksinestrategi eller ein kombinasjon av strategiar, og prioritere. Avgrensa tilgang på vaksine vil og kunne by på ei rekke medisinsk etiske problemstillingar.

Vaksinar blir lagra i kjølerom ved Sunnfjord Medisinske Senter.

Oversikt over kva grupper som skal vaksinerast i prioritert rekkefølge:

Prioritering		Tal (ca)
1.	Smitteeksponert personell i helsetenesta	234 tilsette
2.	Vaksne og born med økt risiko for komplikasjonar <ul style="list-style-type: none"> - med alvorlige luftvegsjukdomar - med kroniske hjarte- karsjukdomar - med nedsett infeksjonsforsvar - med diabetes 	

	- bebuarar på sjukeheim/ i omsorgsbustader - personar som er over 65 år eller eldre	
3.	Barn i alder 6-24 månader	
4.	Gravide	
5.	Utvald nøkkelpersonell	18 helse + 34 politi + 34 brann+ 22 sivilforsvar + 12 alarmsentral+ 4 ikt + 3 tele +14 tekn.tenester+ 4 media
6.	Anna helse- og omsorgspersonell med pasientkontakt	151 tilsette
7.	Frivillege pleiarar innan pleie- og Omsorgstenesta og andre med pasientkontakt	
8.	Born i barnehage og barnehagepersonale	669 barn 200 tilsette
9.	Born i grunnskulen og skulen sitt personale, inklusive SFO	1762 elevar 250 tilsette
10.	Sjåførar og andre med kundekontakt i kollektivtransport	18 drosje + 27 buss + 50 båt
11.	Personell i servicenæring med stor publikumskontakt	
12.	Alle andre	

Vala for kva strategi og prioritering vi gjer er i siste instans politiske, og må difor takast av politiske mynde. Det kan såleis verte endringar.

Med utvald nøkkelpersonell i gruppe 6 meinast: kriseleiing, brann, politi, vatn/avlaup, renovasjon, prestar, gravferdsbyrå, offentleg transport, kjøkenpersonell for tenester til institusjonar.

6.1.2 Gjennomføring av vaksinasjon

- Pasientar i bufellesskap, sjukeheim og bustader med heildøgnspleie vert vaksinert av personalet ved institusjonane og heimesjukepleien.
- Alle andre vert vaksinert; på helsestasjonane, eller anna eigna lokale.

Det vert viktig å fordele tilstrøyminga av folk til lokala, og her vert Tenestetorget sentral i informasjonsarbeidet. Det vil bli lagt ut informasjon på kommunen sine heimesider og i lokalavis.

Helsesøstrene kan vaksinere ca. xx personar på to dagar, dersom alle helsesøstrene er tilstades.

Det vil være trong for å ha ei oversikt over personar i risikograppa. Dette kan skaffast på følgjande måte:

Fastlegane syter for å ha oppdaterte lister over sine pasientar i risikograppa m.o.t. vaksinasjon, som helsestasjonen får tilgang på i ein slik situasjon. Smittevernlegen syter for at slike lister vert etablert.

6.1.3 Retningslinjer for bruk av antivirale midler

Før vaksine er på plass vil ein nytte medisiner som Tamiflu. Medisinen vil kunne vere ein mangelvare dersom pandemien bryter ut, og det vil då vere trong for å prioritere kven som skal få medisin først.

Fastlegane er ansvarlege for at behandling og førebygging med antivirale midlar vil skje i samsvar med vedtak og retningslinjer frå statlege helsemyndigheiter.

Prioritering av målgrupper for antiviralia

Prioritet	Strategi	Målgruppe
1	Primærprofylakse	Vedvarande smitteeksponert personell i helsetenesta
2	Sekundærprofylakse	Personar som har hatt tett kontakt med influensasjuka i ein periode då dei var smittsamme
3	Behandling	Influensasjuka med økt risiko for komplikasjonar
4	Behandling	Influensasjuka gravide
5	Behandling	Influensasjuka utan auka risiko for komplikasjonar
6	Primærprofylakse	Nøkkelpersonell i leing og i utvalde samfunnskritiske tenester etter en nærare vurdering av situasjonen

6.1.4 Stenge verksemdar som samlar fleire menneske

(skuler, barnehagar, idrettshall, kino etc).

Smittevernlege i samarbeid med kriseleing vil ev. fatte hastevedtak.

6.1.5 Avlyse/ forby møteverksemd

Smittevernlege i samarbeid med kriseleing vil ev. fatte hastevedtak.

6.2 Pleie og behandle sjuka og døydande

6.2.1 Varsling, innkalling, møtestad for ekstra personell

Kriseleinga har mynde til å omdisponere personell og bruke disponible ressursar. Det vil bli trong for å utvide stillingar og utvide til inntil 13 timers skift (jmf. Arbeidsmiljøloven § 10-6 Overtid og § 10-12 Unntak).

Driftsleiarar blir ansvarlege for å ha oversikt og innkalle personell. Tenestetorget blir møtestad for frivillige.

Det vil vere eit arbeidsgjevaransvar å sikre at forsvarlegheitskravet vert ivareteke, og at personalet berre vert sett til å utføre oppgåver som vedkommande er kvalifisert for, under nødvendig overoppsyn av autorisert personell. Det kan bli aktuelt å rekruttere pensjonerte helsearbeidarar og studentar for å auke kapasiteten, jf. helsepersonelloven.

6.2.2 Frigjering av plassar til heildøgns pleie- og omsorg

Tidlegare Florø sjukehus, Furuhaugane Bu og Servicesenter og Flora omsorgssenter er best eigna plassar til å behandle sjuka pasientar grunna kjøkkenforhold, sjukesengar, medisinerom, toalett og skyllerom etc.

Deretter kjem hotella i Flora pga. at dei har toalett til alle rom og kjøkkenfunksjon. Skulane er lite eigna grunna mangel på sengar, sanitær og kjøkkenforhold.

Ved behov for frigjering av plassar til heildøgns omsorg prioriterer ein å auke talet på brukarar på Furuhaugane bu og servicesenter inklusive bruk av tilbygg som isolat.

Furuhaugane Bu og Servicesenter

Kontaktperson : Evy Renate Bjørnseth 41 53 49 18

Tilgang til 2 medisn rom / storhusholdningskjøkken // 48 toalett / 2 skyllerom

Furuhaugane Bu og Servicesenter har kapasitet til : 52 pasientar

40 rom klar til innflytting fordelt på avd. B og avd C

2 post bad

4 plasser kjellar ,mangler 2 sengar

6 plasser klar på tilbygget med sengar

Dersom det blir lagt 2 på alle rom kan vi få 104 men mangler då sengar / madrasser til 52 personer

Flora Omsorgssenteret

Kontaktperson Randi Solheim 41 53 49 22

Flytte over 40 pasientar frå Furuhaugane over til Omsorgssenteret, legge pasientar på dobbeltrom ,stover , dagavd.

Dagavdeling disp. 7 rom til 12 sengeplasser "gamle 1 pleie"+ 2 plasser på postbad . Der står 4 sengar idag

Evt. Flatsenger plass til 30 personer på stova, manglar madrasser til desse.

Flora sjukehus

Kontaktperson: Bjørn Morten Øen mob. 90 20 61 00 / 57 83 98 68

Sentralsjukehuset v / Bjørn Morten Øen ynskjer eit samarbeid med Flora kommune v/ kommuneoverlege ved ein eventuell pandemi

Tilgang til 2 medisnrom , storhusholdningskjøkken , skyllerom

1 etasje antall rom / sengar

2 etasje antall rom / sengar

35 senger totalt på huset

5 redningsbårer (heng i garasje)

Eikefjord Omsorgstunet Eikefjord

Kontaktperson : Edith Aarebrot Madsen

Tilgang til medisn rom / storhusholdningskjøkken / 6 toalett

Storsal på Allhuset ca 50 plasser mangler madrasser.

Dagtilbodet Allhuset ca 10 plasser mangler madrasser.

Andre aktuelle bygningar:

Aldersenteret Havglytt

Flora samfunnshus

Idrettshallen

Storhallen

Quality hotell antal sengar :

Comfort hotell antal sengar :

Flora hotell antal sengar :

Ekstra utstyr

Røde kors

Kontakt person: Geir Sagevik 57 75 60 37 / 90 11 30 10

20 sengar / nettingbårer

5 redningsbårer

Røde kors fylke

Kontakt person : Stian Antonsen 91 58 98 66

Sivilforsvaret

Kontakt person: Wilhelm Larsen

Vakt telefon 57 62 88 60

Dei har ikkje sengar eller utstyr anna enn til førstehjelp ved brann / katastrofer

Dei kan stille med 42 personar i løpet av kort tid, ved kongelig resolusjon kan dei stille med hjelpepersonell heile døgnet.

I deira føringar er det spesialist helsetenesta dei skal prioritere.

Frivillige lag og organisasjonar skal bistå det kommunale

Fylkesberedskaps sjefen v / fylkesmannen

Kontakt person: Håvard Sensvand 57 65 50 00

Dei har ingen oversikt over bygningar og utstyr som er aktuelle i ein krisesituasjon i kommunane

Heimevernet

Kontaktperson: Områdesjef Florø / Bremanger/ Naustdal Stein Mortensbakke 97 05 22 33 / 57 82 88 15

Heimevernet har 5 til 10 bårer som eventuelt kan brukast som sengar.

6.2.3 Psykososial omsorg overfor pasientar og pårørande

I den akutte krisen må kvar enkelt tenesteytar ivareta psykososial omsorg for pasientar og pårørande.

Barnevernet får ansvar for å ta hand om barn som er blitt foreldreause eller har sjuke foreldre. Dersom ikkje omsorgspersonar finnast, skal det etablerast eit mottak i ein barnehage.

6.2.4 Geistlege tenester

Kontaktperson for kyrkjelege tenester i samband alvorlig sjukdom og dødsfall under ein pandemi er Kinn Kyrkjekontor tlf 577 52 530

6.2.5 Beskyttelsesutstyr

Kommunen skal i følgje Nasjonal beredskapsplan for pandemisk influensa syte for at forsyningstryggleik for viktig materiell, utstyr og legemidlar er tilfredsstillande. Kommunen vil ha auka trong for munnbind, andedrettsvern, beskyttelsesfrakk, visir og hanskar.

Den nasjonale planen (s.56) gir Shdir oppdrag med å utgreie om det bør etablerast eit nasjonalt lager av slikt materiell til bruk for helsetenesta, eller om alle verksemdar skal syte for dette sjølv.

Kommunen avventar Shdir si anbefaling, og må være budd på å bygge opp eigne lagre av slikt utstyr.

6.3 Oppbevaring av døde

Så langt kapasiteten rekk skal bårerom på sjukeheim og i kapell utnyttast.

Ut frå behovet vil kriseleiinga ta stilling til kva kommunale lokale som skal innreist til provisorisk bruk for formålet.

6.4 Informasjon

Det er Helse- og omsorgsdepartementet som har det overordna ansvaret for å handtere ein pandemi, dette inkluderer og informasjon og kommunikasjon. Det vil bli informert gjennom følgjande kanalar:

- Dagleg pressekonferanse (mot media)
- Briefing via WEB
- Tiltak og informasjon på www.pandemi.no (mot alle)
- Krisetelefon 800 40 085 mot alle
- Plakatar, informasjonsmateriell frå Folkehelseinstituttet (FHI)
- MSIS, informasjonstelefon og kurs retta mot helsepersonell
- Vaksinasjonskort med generelle opplysningar knytt til aktuell epedemi (frå FHI)

All kommunikasjon, som sentrale føringar og meldingar kring handtering av ein pandemi skal skje via telefon, brev, e-post eller faks til smittevernlegen:

Xxxxxxxxxxxx

Kommunen vil vere ein viktig formidlar av informasjon til innbyggjarane i ein pandemisituasjon og det er avgjerande at kommunen sin informasjon er samordna med informasjonen som kjem frå nasjonale myndigheiter.

Ordførar er i samråd med kriseleiinga informasjonsansvarleg. Dette blir utført i samsvar med kommunen si overordna beredskapsplan og via kommunen sine heimesider.

Informasjonsinnhald

- den laupande utviklinga av epidemien i utlandet og i Noreg
- sjukdomen si ytringsform, alvorsgrad
- sjølvhjelp: når bør ein søkje lege, korleis ein kan behandle og beskytte seg sjølv, reiserestriksjonar
- fordeling av vaksiner, antiviralia, antibiotika og andre medikament
- beredskapssituasjonen i kommunehelsetenesta, ved sjukehus og anna viktig infrastruktur